vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

27.11.2018

NAB1002 Naturbasert aktivitet

**Programområde:** Naturbruk

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | Når du løyser oppgåvene må du beskrive og grunngje vala du tek. Det er svært viktig å disponere eksamenstida godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgåvene.<br><br>Du viser elles kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:<br>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva<br>• Ta med ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva<br>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine<br>• Beherske relevante grunnleggjande ferdigheiter<br>• Bruke eksempel der dette er relevant<br>• Bruke fagterminologi og hjelpemiddel på ein føremålstenleg og påliteleg måte |

## Situasjonsbeskriving

Du og ein klassekamerat skal leie ein havkajakktur på 3 dagar med ei gruppe på 14 tyske turistar. Desse turistane er erfarne kajakkpadlarar, men er ikkje lokalkjende i området der du og klassekameraten din skal leie turen. Om det er andre føresetnader du ønskjer å ta med i situasjonsbeskrivinga, er det heilt i orden å ta desse med.

## Oppgåve

a) Korleis vil de presentere dykk sjølve og turen de skal på?

b) Kva for føresetnader må ligge til grunn for at turen skal bli mest mogleg vellukka?

c) Forutan utstyret til kajakk, så krev ein slik tur ein vanleg oppakkingsplan. Beskriv oppakkingsplanen for kvar enkelt av turistane. Altså kva skal vere med på turen.

d) Kva er viktig å ta omsyn til når ein padlar langs kysten?

e) Korleis kan du og klassekameraten din best mogleg ta vare på desse 14 turistane på denne turen om nokre uheldige omstende skulle oppstå? Kom gjerne med eksempel.

f) De drar på denne ferda med eit ønske om å ferdast i ein rein og fin skjergard. Korleis vil de rettleie turistane med tanke på å unngå forsøpling av naturen?

g) Det å sitte rundt eit bål og kose seg på kveldstid er ein del av norsk turtradisjon, noko som de ønskjer å legge opp til. Dei tyske turistane lurer på kva meir tradisjonelt de kan by på. Kva legg de opp til her?

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | Når du løser oppgavene må du beskrive og begrunne valgene du tar. Det er svært viktig å disponere eksamenstiden godt, slik at du kan svare grundig på alle oppgavene.<br><br>Du viser ellers kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:<br>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslagene dine til løsning på oppgaven<br>• Ta med ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgaven<br>• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine<br>• Beherske relevante grunnleggende ferdigheter<br>• Bruke eksempler der dette er relevant<br>• Bruke fagterminologi og hjelpemidler på en formålstjenlig og pålitelig måte |

## Situasjonsbeskrivelse

Du og en klassekamerat skal lede en havkajakktur på 3 dager med en gruppe på 14 tyske turister. Disse turistene er erfarne kajakkpadlere, men er ikke lokalkjent i området der du og din klassekamerat skal lede turen. Hvis det er andre forutsetninger du ønsker å ta med i situasjonsbeskrivelsen, er det helt i orden å ta med disse.

## Oppgave

a) Hvordan vil dere presentere dere selv og turen dere skal på?

b) Hvilke forutsetninger må ligge til grunn for at turen skal bli mest mulig vellykket?

c) Foruten utstyret til kajakk, så krever en slik tur en vanlig oppakningsplan. Beskriv oppakningsplanen for hver enkelt av turistene. Altså hva skal være med på turen.

d) Hva er viktig å ta hensyn til når man padler langs kysten?

e) Hvordan kan du og din klassekamerat best mulig ivareta disse 14 turistene på denne turen, hvis noen uheldige omstendigheter skulle oppstå? Kom gjerne med eksempler.

f) Dere drar på denne ferden med et ønske om å ferdes i en ren og fin skjærgård. Hvordan vil dere veilede turistene med tanke på å unngå forsøpling av naturen?

g) Det å sitte rundt et bål og kose seg på kveldstid er en del av norsk turtradisjon, noe som dere ønsker å legge opp til. De tyske turistene lurer på hva mer tradisjonelt dere kan by på. Hva legger dere opp til her?

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap